



Villanger & Sønner AS  
Kvassnesvegen 45  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 14/6557 - 15/9561

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
28.04.2015

## Svar på søknad om dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett, gbnr 185/290

Syner til e-post datert 28.04.2015 vedkomande søknad om dispensasjon frå avstandskrav på 4.0m til kommunalt leidningsnett, gbnr 185/290.

### Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak (mur) og offentleg leidningsnett skal være minimum 2.0m.
- Tiltak skal være forsvarleg fundamentert slik at det ikkje er fare for at utrasning av tiltaket ved arbeid på kommunalteknisk anlegg (veg, vatn og avlaup). Om mulig skal tiltak være fundamentert på fast fjell.
- Lindås kommune fråseier seg alt ansvar for skade som vert påført tiltak (mur) under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg. Dersom det oppstår skader på tiltak under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg, er dette kommunen uvedkommande.

Det er i «Standard abonnementsvilkår – tekniske og administrative bestemmelser» at Teknisk drift har heimel til å setje krav til tiltak langs kommunalteknisk anlegg.

### Klage:

Vedtaket kan pålagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.



**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Kurt Arne og Solbjørg V. Natås      Orresteinen 4 A      5916  
Arne Helgesen      ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Villanger & Sønner AS

Kvassnesvegen 45 5914

ISDALSTØ